



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd onsdag 19.08.26 kl.19.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Tilstades: Camilla M. Ådland, Sissel Sørebo, Kjersti J. Søreide og Inger C. Fitje.
Ingunn og Ann I. Østerbo på telefon.
Terje Søreide hadde ikkje høve å møte.

Til opning las Camilla 1. Pet. 1. 3-4

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker:

- 09/26 Info frå fellelrådet ; sidan Terje ikkje var tilstades gjekk vi vidare til neste sak.
- 10/26 Dugnad på kyrkjegardane 22. april – Ortnevik 6 stk og i Bjordal 12 stk. Det vart gjort mykje. I Bjordal var det flott med fleire yngre menneske. Det er viktig med leing, så ein veit kva som skal prioriterast.
- 11/26 28. april var det felles soknerådsmøte på Alværa der ein drøfta evt. felles sokneråd for Høyanger kommune. Camilla, Terje, Sissel, Kjersti, Inger C. og Ann Iren var med
- 12/26 Teamsmøte 29. mai der soknerådet drøfta Adam Douglas konsert. Ny dato 26. september.
- 13/26 Ny alterduk til Ortnevik kyrkje er på plass.
- 14/26 Open kyrkje i Ortnevik i sommarferien – ca 27 personar har skreve i gjesteboka.
- 15/26 Arrangement/tiltak sidan forrige soknerådsmøte :
- Friluftsgudsteneste Åsenutsikta 26. april – 40 stk. Fjordlåt song, konfirmantane deltok. Kyrjekaffi og natursti v/4H.
 - Konfirmasjon i Bjordal 10. mai – ca 60 personar.
 - Gudsteneste 17. mai : Bjordal 60 personar (praktisk å ha i skulen) og Ortnevik kyrkje (68)
 - Gudsteneste i Bjordal 14. juni –17 personar. Inger C. og Geir hadde dialog om søndagens tekst. Kyrjekaffi ute !
 - Dåpsgudsteneste i Ortnevik 19. juli – ca 66 personar.
 - Olsokgudsteneste på Sande 29. juli - 17 personar. Veret var utrygt, men gjekk fint. Heretter høyrer vi med Ruth om vi får vere i Sandestova dersom veret blir dårleg.
 - Brettspel i Gamlebanken 1 gong i månaden – om lag 6 pensjonistar har vore med. Oppstart i september etter ferien.
 - Song på Bygdetunet startar oppatt 24. aug.
 - Andakt på Bygdetunet
 - Framleis God helg v/Geir S. på nett.
- 16/26 Soknerådet saman med grendelaget og sanitetslaget i Ortnevik er med å støttar tacokveldar - eit LivOGLyst prosjekt.

Sakliste

Sak 24/26 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 16. april.

Vedtak: Møteprotokoll frå 16. april vart godkjent.

Sak 25/26 Gudstenester og arrangement framover.

Kyrkjevert og kyrjekaffi

- Dåpsgudsteneste i Ortnevik 22. august kl.14 –v/ Andreas Ester . Sissel er kyrkjevert.
- Gudsteneste m/ dåp og konfirmantpresentasjon i Bjordal 23. august kl.11 – v/ Geir Sørebo. Mari – Ann + ein ekstra kyrkjevert.
- Hausttakkefest på Massnes 20. september kl. 14 – Sissel bestiller sodd og grønnsaker, Ann I. kjøper inn det som ellers trengs. Ingunn (eplekake) og Kjersti bakar ei kake kvar. Ingunn og Ann I. har ansvar på kjøkkenet. Kjersti er kyrkjevert. Det blir utlodding (10 kr loddet). Pris for middag : 100,- for vaksne; barn og ungdom gratis.
- Minnegudsteneste i Bjordal 25. okt. kl 16 – vi les namna på døde i soknet det siste året. Nattverd.
- Lysmesse i Bjordal 6. des.
- Julaftan Ortnevik kl. 14 og Bjordal 16
- Juletefest i Ikjefjord 26. des.

Sak 26/26 Konsert med Adam Douglas 26. september.

Camilla gav litt info:

Vedtak : Terje og lokale krefter arbeider med opplegget for dagen.

Konserten blir i tilknytning til Sørsideseminaret som blir frå ca kl.12- 15 på Ortnevik Tre.

Det blir kafe/ middag i grendehuset. Konserten startar kl. 17.30. Ekstra båtute til Nordeide kl. 19.00.

Det blir også eit arrangement / etterfest på Ortnevik Tre kl. 19.

Det blir marknadsført på plakar, aviser og nett. Vi må vere flinke til å kunngjere konserten for at dette skal gå bra.

Sak 27/26 Eitt felles sokneråd for kommunen.

Vedtak: Soknerådet er positive til felles sokneråd for kommunen, men ser både fordeler og ulemper. Dei let fellesrådet ta bestemmelsen.

Sak 28/26 Julekonsert i Ortnevik.

Vedtak: Aktuell dato er 13. desember kl. 17.00. Camilla høyrer med Vadheim musikklag.

I tillegg: Fjordlåt, Brekke familien og evt. andre lokale aktørar; også dei som ikkje syng!

Sak 29/26 Trusopplæringstiltak.

Ny medarbeidar, Eirik Halsnes vil arbeide i 40 % prosjektstilling i kommunen med barn/ ungdom – og konfirmentarbeid.

Vedtak: Soknerådet ynskjer at han hjelper med t - klubb : juleverkstad i desember og karneval til våren.

Sak 30/26 Møteplan vidare.

Vedtak: Neste møte vert onsdag 4. november kl. 19.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Eventuelt

Sak 31/26 Økonomisk støtte til leir på Alværa.

Vedtak: Soknerådet vedtok å subsidiere leir på Alværa frå 200,- til 300,- pr. barn.

Camilla M. Ådland
Leiar

Ann Iren Østerbø
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekontor